

Møtedato: 13. desember 2017

Arkivnr.:

Saksbeh/tlf:

Hilde Rolandsen, 75 51 29 00

Sted/Dato:

Bodø, 6.12.2017

Styresak 143-2017/3 Felleseigde helseføretak - statusrapport pr. juni 2017

Saksdokumenta var ettersendt.

Formål

Denne styresaka vert fremja som ei orienteringssak til styret i Helse Nord RHF. Styresaka vert fremja likelydande for styra i dei fire regionale helseføretakene.

Nasjonale fellestenester

Hovudføremålet med dei felleseigde helseføretaka er å bidra til styrka og forbetra tilbod til pasientane, for å sikre samordning, likskap og likeverd, samt å bidra til at oppgåvene blir løyst på ein rasjonell måte og med god ressursutnytting. Vidareutviklinga av nasjonalt samarbeid, og ein betre samordning på tvers av regionane, står fram som ein viktig del av den nasjonale helsepolitikken.

Styresak 81-2014/3 Redegjørelse for virksomheten i felleseide selskaper (styremøte i Helse Nord RHF 18. juni 2014) og styresak 121-2015 Styringen av de regionale helseforetakenes felles eide selskaper (styremøte Helse Nord RHF 25. november 2015) gir ei grundig utgreiing om dei felleseigde helseføretaka. Basert på desse to styresakene blei det utarbeidd eit årshjul, der det mellom anna blir venta at det blir gjennomført to årlege oppfølgingsmøte.

Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS og Helseforetakenes nasjonale luftambulansetjeneste ANS blei omdanna til HF frå 1. januar 2017, med påfølgjande namneendring til høvesvis Pasientreiser HF og Luftambulansetjenesten HF (jf. *styresak 155-2016 Felles eide selskap - omdanning av Helseforetakenes nasjonale luftambulansetjeneste ANS og Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS fra ansvarlig selskap (ANS) til helseforetak (HF)* - styremøte Helse Nord RHF 14. desember 2016). Verksemda i Helseforetakenes Innkjøpsservice AS (Hinas) blei overført til Sykehusinnkjøp HF i 2016. Hinas blir avvikla i løpet av 2017.

Etter dette eig dei regionale helseføretaka i fellesskap følgjande helseføretak:

- Pasientreiser HF – etablert i 2009 med hovudkontor i Skien
- Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO HF) – etablert i 2013 med hovudkontor i Gjøvik
- Luftambulansetjenesten HF – etablert i 2004 med hovudkontor i Bodø
- Nasjonal IKT HF (NIKT HF) – etablert i 2013 med hovudkontor i Bergen
- Sykehusbygg HF – etablert i 2014 med hovudkontor i Trondheim
- Sykehusinnkjøp HF – etablert i 2015 med hovudkontor i Vadsø (tidlegare HINAS, etablert 2003)

Styring og oppfølging av dei felleseigde helseføretaka

Det er adm. direktør som har ansvar for eigarstyring og oppfølging av dei felleseigde helseføretaka. Dette skjer primært i føretaksmøte, der helseføretaka sitt oppdrag og rammer blir fastsett, og der resultat, årsresultat og årleg melding blir gjennomgått og godkjent.

Dei regionale økonomi- og eigardirektørane tar hand om den praktiske tilrettelegginga og gjennomføringa av føretaksmøte og oppfølgingsmøte. I 2017 blei det etablert ei interregional controllergruppe med controllere frå kvart RHF. Controllergruppa bidreg aktivt i saksførebuing av langtidsbudsjett, årsbudsjett og tertialvis økonomirapportering i tillegg til at gruppa, på oppdrag frå økonomidirektørane, blir nytta til å greie ut ulike problemstillingar knytt til økonomistyring av felleseigde helseføretak.

Dei felleseigde helseføretaka blir styrt gjennom årlege oppdragsdokument, som angir særskilte krav/oppgåver, og fastset aktivitetskrav og eigarane si finansiering. Medverking frå konserntillitsvalgte/konsernverneombud i RHF-a i utforminga av oppdragsdokument til dei felleseigde helseføretaka vil skje samordna for alle RHF-a frå 2018, jf. sak 110-2017 og 111-2017 i samarbeidsmøte 14. november 2017.

Styra i dei felleseigde helseføretaka er sett saman av representantar frå dei regionale helseføretaka.

Inntektene til felleseigde helseføretak skal i hovudsak vere basert på prisar for tenester levert til dei enkelte regionale helseføretaka eller helseføretak. Det blir og gitt tilskot til enkelte føremål som representerer fellesaktivitetar som det ikkje er føremålstenleg å tenesteprise.

Dei felleseigde helseføretaka leverer årleg melding på linje med helseføretaka. I tillegg til rapportering på gitte oppdrag omfattar årleg melding også økonomisk langtidsplan og utgreiing om helseføretaket sine planar og strategiar. Helseføretaka leverer også årsberetning og årsrekneskap, som blir fastsett i føretaksmøte. I løpet av hausten 2017 vil det bli ferdigstilt ein mal for tertialvis rapportering frå dei felleseigde helseføretaka til eigarane. Den tertialvise rapporteringa vil kunne inngå som eit grunnlag i RHF-a sin (tertial)-rapportering til sine styre.

Helse- og omsorgsministeren kalla inn alle dei seks felleseigde helseføretaka ved styreleiar og adm. direktør, saman med adm. direktørar i dei regionale helseføretaka, til eit møte den 7. juni 2017 for å få ei nærare orientering om helseføretaka si verksemd, status og planar for utviklinga framover inkludert særskilte utfordringar.

Kort status pr. helseføretak

Pasientreiser HF

Pasientreiser HF er ei felles eining for dei fire regionale helseføretaka, der føremålet er å oppfylle dei regionale helseføretaka sitt sørge-for-ansvar på området pasientreiser. Helseføretaket har ansvar for teknologiutvikling og systemforvaltning av reiser med og utan rekvisisjon, er ein service- og støttefunksjon, tar hand om administrative og merkantile fellesoppgåver, samordningsoppgåver og transaksjonstunge saksbehandlingsoppgåver for helseføretaka.

I 2017 arbeider selskapet mellom anna med vidareutvikling av området *Reiser utan rekvisisjon*, og bidreg til vidareutvikling av Helsenorge.no, og av informasjonskanalane for brukarar av Pasientreiser.no. Vidare blir det jobba med å verksemdsoverdra pasientreisekontor i dei fire regionale einingane, og gjennomføring, utrulling og vidareutvikling av prosjektet *Samkjøring* og alternativ bestillerløysning. Pasientreiser går i gang med å greie ut moglege effektiviserings- og kvalitetsfremjande tiltak for Reiser med rekvisisjon.

Aktivitetskrav for 2017 er fastsett i føretaket sitt budsjett og i SLA-avtale mellom Pasientreiser HF og dei regionale helseføretaka. Inntektstilskotet til helseføretaket for transaksjonstunge oppgåver og samordnings- og koordineringsoppgåver blir fordelt mellom regionane i samsvar med fastset kostnadsfordeling, medan eventuelle tilleggstenester blir fakturert det einskilde regionale helseføretak eller helseføretak. I tillegg kjem drift og investeringar i samband med prosjektet *Mine pasientreiser*.

Pasientreiser HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Sykehusinnkjøp HF

Sykehusinnkjøp HF blei stifta 17. desember 2015, og er eigd av dei fire regionale helseføretaka med like eigardelar. Sykehusinnkjøp HF skal understøtte spesialisthelsetenesta sitt behov for innkjøpstenester, og saman med helseføretaka realisere kvalitative, økonomiske og samfunnsmessige verdiar innanfor alle innkjøpskategoriar. Helseføretaket sitt hovudkontor ligg i Vadsø, med kontor i alle dei fire helseregionane. Det er nyleg tilsett ein økonomidirektør, som har kontorplass i Vadsø.

I 2017 har Sykehusinnkjøp HF fått som overordna krav å:

- organisere og dimensjonere kvar divisjon til å levere i samsvar med avtalar og avtaleforvaltning til sin region
- utarbeide innkjøpsplanar for kvar region som også er samordna med nasjonale innkjøpsplanar
- synleggjere avtaledekning for kvar region, og utarbeide handlingsplan med mål om full avtaledekning for kvar region

Det blir arbeid med utviklinga av helseføretaket mellom anna ved etablering av gode samarbeidsformer med dei ulike fagmiljøa i helseføretaka, og identifisering av gevinstar på overordna nivå for dei innkjøpskategoriane som høyrer inn under helseføretaket. Gjeldande plan for anskaffing skal vidareførast, og det vil bli utarbeidd ny plan for anskaffing for perioden 2018-2021.

Sykehusinnkjøp HF skal vidare også bidra til auka bruk av innovative anskaffingar, og organisere verksemda si for å understøtte kategoribaserte innkjøp. Sykehusinnkjøp HF koordinerer arbeidet med overgang til fagleg likeverdige legemiddel på vegner av dei fire regionale helseføretaka, og har etablert ei arbeidsgruppe som er i gang med å utarbeide eit forslag til opplegg som er i tråd med Helse- og omsorgsdepartementet sine føringar.

Divisjon nasjonale tenester, leing, stab og forretningsutvikling blir finansiert ved tildeling frå dei regionale helseføretaka. Dei regionale divisjonane blir finansiert ved tildeling direkte frå det einskilde regionale helseføretak. Divisjon legemidler blir finansiert ved fakturering til helseføretaka og i samsvar med budsjettert kostnadsnivå for 2017. Sykehusinnkjøp HF behandla sitt årsoppgjer for 2016 i ekstraordinært styremøte den 12. mai 2017. Det er venta at verksemda gir eit resultat i balanse.

Sykehusinnkjøp HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Luftambulansetjenesten HF

Føremålet med Luftambulansetjenesten HF er å bidra til å realisere helsetenesta sine samla målsetjingar, medrekna sørge-for-ansvaret. Selskapets primære og prioriterte oppgåve er å tilby befolkninga luftambulansetjenester og medisinske tenester heile døgnet. Luftambulansetjenesten HF arbeider i 2017 med nye anskaffingar av ambulanseflytenester og ambulanshelikoptertenester. Luftambulansetjenesten skal også delta i arbeidet med gjennomgang av basestrukturen for luftambulansar i Noreg.

Kostnadane knytt til helseføretaket blir fordelt mellom dei regionale helseføretaka i samsvar med vedteke finansieringsmodell. Det er venta at verksemda gir eit resultat i balanse. Ved positivt resultat vil eigarane kunne vurdere storleiken på driftstilskotet.

Luftambulansetjenesten HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO HF)

Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO HF) skal bidra til å realisere helsetenesta sine samla målsetjingar for den nasjonale medisinske naudmeldetenesta, medrekna naudsynt og lovpålagt samarbeid mellom regionale helseføretak og kommunar innan naudmeldetenesta slik det går fram av *Lov om spesialisthelsetjenesten*, *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester* og *Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus*.

HDO HF skal gjennomføre vedteke strategi 2015-2018, og operasjonalisere denne for å utvikle HDO HF innan følgjande område: innføring av naudnett, effektiv og stabil drift, sterkt kundefokus, endringsdyktig organisasjon, pådrivar for vidareutvikling av naudmelde- og prehospitale tenester. I 2017 arbeider HDO HF mellom anna med avslutning av naudnettutbygginga og vidare drift og forvaltning av naudnettet i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

HDO HF blir i 2017 finansiert av dei regionale helseføretaka ut frå ein fastsett modell, der driftskostnadar blir fordelt etter eigardel, medan innføringskostnadar for naudnett blir fordelt ut frå geografisk innføringsområde. I tillegg kjem eventuelle lån til investeringar. Det blir venta at verksemda gir eit resultat i balanse. Ved positivt resultat vil eigarane kunne vurdere storleiken på driftstilskotet. Aktivitetskrav for 2017 er fastsett i helseføretaket sitt budsjett, og i SLA-avtale mellom HDO HF og dei regionale helseføretaka.

HDO HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett

Nasjonal IKT HF

Nasjonal IKT HF blei etablert som eit helseføretak 1. januar 2014, og er eigd i fellesskap av dei fire regionale helseføretaka. Nasjonal IKT HF er spesialisthelsetenesta si arena for samhandling og koordinering innan IKT-området.

I 2017 arbeider selskapet mellom anna med oppfølginga av felles IKT-strategi for spesialisthelsetenesta, utvikling av porteføljestyling i spesialisthelsetenesta, der prosjektportefølje og prioritering er avstemt med dei regionale helseføretaka og med arbeidet i Direktoratet for e-helse, samt gradvis utvikling av IKT-arkitektur.

Verksemda blir finansiert av dei regionale helseføretaka i samsvar med vedteke finansieringsmodell. Det blir venta at verksemda gir eit resultat i balanse.

Nasjonal IKT HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Sykehusbygg HF

Sykehusbygg HF skal vere ein internleverandør for dei regionale helseføretaka og landets helseføretak. Føretaket skal leggje til rette for og bidra til standardisering, erfaringsoverføring, god ressursutnytting og ressurstilgang innan prosjektering og bygging av sjukehus. Sykehusbygg HF skal sørge for at erfaring frå forvaltning og drift av sjukehuseigedom blir tatt omsyn til i nye prosjekt, og slik sett kjem føretaka si eigeidomsforvaltning til nytte. Sykehusbygg HF skal bli brukt i alle byggeprosjekt over 500 millionar kroner. Dette gjeld også for prosjekt som allereie er under gjennomføring.

Aktivitetskrav for 2017 er fastsett i helseføretaket sitt budsjett, og i tenesteavtalar mellom Sykehusbygg HF og dei regionale helseføretaka og underliggjande helseføretak. Verksemda omfattar to hovudkategoriar av oppgåver: fellesoppgåver og prosjektoppgåver. Fellesoppgåver er oppgåver som helseføretaket løypande tar hand om for dei fire helseregionane, medan prosjektoppgåver blir levert etter bestilling frå eitt eller fleire regionale helseføretak eller helseføretak. I 2017 omfattar helseføretaket sine oppgåver også deltaking i arbeidet med samordning av framskrivingar, rettleiar for tidlegfase-planlegging og gjennomgang av finansieringsmodell for verksemda.

Kostnadar for fellesoppgåver og administrasjon blir dekkja etter vedteke finansieringsmodell. Det blir venta at verksemda gir eit resultat i balanse. Ved positivt resultat vil eigarane kunne vurdere storleiken på driftstilskotet.

Sykehusbygg HF si utvikling i 2017 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.